



Bokn kommune

Dato: 03.09.2024

Arkivsak-ID.: 20/382

JournalpostID: 24/2537

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/24	Formannskapet	17.09.2024
049/24	Kommunestyret	24.09.2024

Kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova vedtar Bokn kommune framlegg til ny arealdel av kommuneplanen med plankart dagsett 20.06.2024 og tilhøyrande føresegner dagsett 02.09.2024 for perioden 2024-2036.

Formannskapet 17.09.2024:

Behandling:

Ordførar innleia.

Osmund Våga (Sp) synes det er gledelig at ein nå har fått framlagt ein plan som ein nå kan einast om. Han oppfordrar og til at det saksmateriell som nå ligg føre blir reinskrevet og framlagt i den form det skal vedtas og presentarast i ettertid.

Svein Ove Alvestad (H) synes også det er bra at ein er kommet i mål med ein plan som ein kan einast om sjølv om ein ikkje har fått alt som ein ønskjer inn i planen. Prosessen har vært god, det er gjort ein god jobb. Skryt til administrasjon for at ein nå har kommet i mål.

Rakel Alvestad (Ap) stiller seg bak Svein Ove Alvestad sine kommentarer, men kjem også med innspill på prosessen der grunnen kan vere at hun kom inn i prosessen seint da hun kom inn fyrst i denne formannskapsperioden.

Osmund Våga (Sp) informerte om at det i dei innledande rundane til planen blei opna opp for innspill for andre og politikarane der noko av innspilla blei tatt inn, noko blei tatt ut og ein har endt opp i den planen som nå ligg føre.

Kommunedirektøren informerte om kvifor planverket nå er lagt fram der overstrykingar og endringar viser med anna type farge på skrift, dette av pedagogiske omsyn.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) kommenterer at ein må ta med seg som ein erfaring at dette er eit komplisert arbeid som går over lang tid.

Lene Ognøy Foss (H) har forståelse for at dei av politikarane som er kommet inn i planarbeidet når mye av planen er lagt, kan vere vanskeleg. Meininga var at kommuneplanen skulle vere ferdig når ny kommunestyreperiode starta, men omstendigheter rundt E39 og planane rundt denne har gjort at

arbeidet strakk seg ut i ny periode.

Avrøysting:

Formannskapet vedtek samrøystes kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

FS- 076/24 Vedtak:

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova vedtar Bokn kommune framlegg til ny arealdel av kommuneplanen med plankart dagsett 20.06.2024 og tilhøyrande føresegner dagsett 02.09.2024 for perioden 2024-2036.

Kommunestyret 24.09.2024:

Behandling:

Svein Ove Alvestad (H): Arbeidet vart starta i forrige periode, og han ser at det kan vera vanskeleg for dei som kjem nye inn i denne kommunestyreperioden og berre får vera med på innspurten. Planen er viktig for kommunen si utvikling, og er med på å setje premissene. Godt nøgd med at Grieg no har fått inn områder der dei kan utvikle seg vidare i kommunen. Også viktig at omsynssonane til E39 no ikkje viser i planen. Viktig å bruke kommuneplanen aktivt framover slik at me kan nå målet om å få fleire innbyggjarar, spesielt unge familiar.

Rakel Alvestad (AP): Gjort eit godt arbeid gjennom prosessen. Mykje vart gjort i forrige periode, og som ny er det vanskeleg å vera med å påverka når ein kjem "for seint" inn i prosessen. Det ligg framleis fleire aquakultur-anlegg inne i planen i attraktive områder, og er redd næring kjem i konflikt med boligbyggjar. Er positiv til planen, men kunne ønska å vera tidlegare inne.

Osmund Våga (SP): Har vore ein lang prosess som ein håpa skulle komma i mål med innan ny kommunestyreperiode, men det lot seg ikkje gjere. Området nord for Boknatun blir spennande å vera med på å utvikle. Berømmer godt arbeid i administrasjonen, men meiner at føresegnene er ei arbeidsdokument, og hadde håpa at det førelåg eit reinskrevet dokument til behandling.

Odd Kenneth Tollaksen (AP): Mange nye som ikkje har kjennskap til prosessen. Har bedt om ei orientering i forvaltningsstyret. Håper planen kjem skikkeleg digital og søkbar på nett, med ei god rettleiing. Burde vore ein planvask.

Lene Ognøy Foss (H): Har lært mykje av prosessen, og skryt av arbeidet som er gjort.

Kommunaplanleggjar Bjørn Løvland : Føresegnene er laga med fleire farger av pedagogiske hensyn, for eigen del men også til dei ulike instansane. Dei blir no redigert og lagt ut til endeleg orientering i starten av oktober. Orienterte om prosessen.

KS- 049/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova vedtar Bokn kommune framlegg til ny arealdel av kommuneplanen med plankart dagsett 20.06.2024 og tilhøyrande føresegner dagsett 02.09.2024 for perioden 2024-2036.

Saksutgreiing

Samandrag

Framlegget til revisjon av den gjeldande arealdelen av kommuneplanen har vore lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

I høyringsrunden kom det inn motsegner frå 4 offentlege instansar, samt ei rekkje merknader og faglege råd frå både offentlege instansar og private aktørar.

Alle motsegnene er løyst, ettersom Statens vegvesen med brev dagsett 28.08.2024 har trekt den

motsegna dei fremja knytt til krav om innlegging av omsynssoner for framtidig E39. Dette inneber at planen kan eigengodkjennast av Bokn kommunestyre.

Bakgrunn for saka

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen gav fylgjande satsingsområde for perioden framover:

1. *Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*
2. *Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping*
3. *Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*
4. *Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre* *aktørar/private*

Kommunestyret i Bokn vedtok den 04.02.2020 som sak 004/20 «Planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023». I dette dokumentet vart det vedteke at deler av kommuneplanen sin arealdel skal reviderast, og det vart gitt retningsliner for arbeidet.

Planprogrammet for revideringa av planen vart godkjent av kommunestyret 16.02.2021 som sak 006/21, etter at planprogrammet hadde vore ute på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Planprogrammet konkluderte med at arbeidet med revisjonen skal avgrensast til fylgjande tema:

- Bustadbygging
- Næringsutvikling
- Sentrumsutvikling
- Tiltak for å auke folketalet

Oppstart av arbeidet med planen vart avertert 19.02.2021, forslag til revidert plan vart vedteke av Formannskapet 10.01.2023, og lagt ut på høyring med merknadsfrist 01.03.2023.

Etter søknad fekk 5 offentlege instansar utsett fristen til 23.03.2023.

Det kom inn 10 merknader frå offentlege instansar:

1. HIM – dagsett 24.01.2023
2. NVE – dagsett 02.02.2023
3. Kystverket – dagsett 23.02.2023
4. Gassco – dagsett 24.02.2023
5. Sør-Norges Fiskarlag dagsett 15.03.2023
6. Mattilsynet – dagsett 21.03.2023

7. Statens vegvesen – 22.03.2023
8. Statsforvaltaren i Rogaland – dagsett 22.03.2023
9. Fiskeridirektoratet – dagsett 23.03.2023
10. Rogaland fylkeskommune – dagsett 27.03.2023

I tillegg kom det inn 5 merknader frå privatpersonar.

Saks- og faktaopplysningar

Utgangspunkt for arbeidet med planen

I arbeidet med å revidere deler av kommuneplanen sin arealdel i samsvar med det vedtekne planprogrammet, er det i tillegg til statlege og regionale planar og føringar, lagt vekt på at planen og prosessen fram til denne, skal tilfredsstille fylgjande krav:

- Det skal vera samanheng mellom dei ulike delane av kommuneplandokument

Arbeidet med å utarbeide dei einskilde delane av kommuneplanen er ressurskrevjande, og det er viktig at dette arbeidet vert følgd opp ved at det er samanheng mellom dei ulike delane heilt fram til dei årlege budsjetta. I arbeidet med rulleringa av arealdelen er det difor lagt vekt på å fylgje dei vedtaka og signala som går fram av den vedtekne planstrategien og samfunnsdelen av kommuneplanen.

- Planen skal lagast innafor ein stram tidsplan

Framdriftsplanen for planarbeidet la opp til at endeleg godkjenning av den nye arealdelen skulle skje i den valperioden der arbeidet vart sett i gong. Dette av di det er ynskjeleg at dei politikarane som har sett i gong planarbeidet, skal få fullføre det, men også av di det er viktig at planprosessen ikkje vert så langdryg at deler av planen er forelda før den er vedteken. Ein langdryg planprosess kan også føre til at engasjementet hjå dei som deltek i planarbeidet minkar ettersom tida går, utan at det ligg føre eit endeleg planframlegg.

- Planen skal utarbeidast med høg grad av innbyggjarinvolvering og medverknad frå administrasjonen

Arbeidet med rullering av arealdelen spring ut av eit lokalt behov for ein slik plan, og ikkje ut frå eit krav frå overordna organ. Dette er i seg sjølv eit godt utgangspunkt for å få ein plan som reflekterer kommunen sine behov og utfordringar. Med dette utgangspunktet vart arbeidet organisert ved bruk av arbeidsgrupper sett saman personell frå administrasjonen, lag og organisasjonar samt politikarar og andre ressurspersonar. I tillegg er planarbeidet sjølvsgatt kunngjort i samsvar med krava i lovverket, og det er opna for innspel frå publikum gjennom mellom anna spørjeundersøking og workshop. Barn- og unge er søkt engasjert gjennom at Ungdomsrådet har delteke i arbeidet med utforming av planen.

Arbeidet med planen

Etter høyringsrunden har det vore dialog mellom kommunen og dei ulike instansane som har fremja merknader og motsegner, der kommunen har lagt fram forslag til endringar av plan og føresegner for å kome desse i møte.

Motsegnene har den verknad at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen, dersom motsegnene ikkje vert løyst på ein måte som dei ulike instansane kan godta.

Det vart i samband med dette halde drøftingsmøte den 23.10.2023 mellom Bokn kommune, Statsforvaltaren, Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

I møtet vart det semje om justeringar som gjorde at fleire motsegner kunne trekkjast, men framleis sto fylgjande motsegner uløyst:

- NÆ 9-Trosnavåg (Grieg Seafood)
- Byggefelt B18 Føresvik
- Byggefelt B17 Vågaheia
- Omsynssoner framtidig E39

Det vart difor halde meklingsmøte hjå Statsforvaltaren den 16. mai 2024.

Resultatet av meklinga vart at byggefelta B17 og B18 måtte takast ut av planen.

Næringsområdet NÆ 9 – Trosnavåg vart behalde i planen, men med ei justert avgrensing/storleik. Statens vegvesen oppretthaldt motsegna knytt til omsynssyne for bandlegging av areal for framtidig E39.

Ut frå dette var kommunen si eigengodkjenning av planen avgrensa til å gjelde den delen som ikkje vert råka av omsynssonene SVV hadde kravd.

Den delen som vart råka av omsynssonene, måtte ut frå dette leggjast fram for Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg godkjenning.

Ettersom Statens vegvesen nå har trekt motsegna med brev dagsett 28.08.2024, kan planen godkjennast av kommunen utan at den vert sendt til departementet.

Når det gjeld merknadene og dei faglege råda som dei ulike instansane har kome med i høyringsrunden, må kommunen vurdere desse, men er ikkje forplikta til å ta omsyn til dei.

Endringar i planen i høve til den gjeldande planen

Etter høyringsrunden og den etterfylgjande dialogen/drøftinga/meklinga med dei instansane som hadde merknader til det opphavlege planframlegget, er det semje om fylgjande nye tiltak i høve til den gjeldande planen:

Bustadføremål (B)

- B16 Klokkargarden
- B15

Føresvik

vest

LNF-spreidd bustad (LSB)

- LS1-122 Eksisterande bygde tomter som er endra frå LNF til LS

Næringsareal (NÆ)

- NÆ9-10 Trosnavåg
- NÆ11 Knarholmen sør 2

Spreidd næring (LSN)

- LSN5 Ognøy

Friområde (FRI)

- FRI3 Boknabergvatnet

Kombinererte føremål

- NÆ/UNB Alvestadkroken

Småbåthamn (SH)

- SH5 Austre Bokn, Øyren

Akvakulturføremål AKV

- AKV-M Lamholmane/Raudholmflu

Kombinert føremål

- AKV-M/FE Kroholmen

Plandokumenta

Planen består av fylgjande dokument:

- Planomtalen (rapport nr.1)
- Plankartet
- Føresegnene (rapport nr.2)

I tillegg er det fylgjande vedlegg:

- Konsekvensutgreiing av arealinnspel (rapport nr.3)
- Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse (rapport nr.4)
- Tabellar over utbyggingsområde (rapport nr.5)
- Temakart (rapport nr.6)

Plandokumenta er justert ut frå den dialogen som har vore mellom kommunen og dei einskilde høyringsinstansane etter høyringsrunden, samt resultatet av drøftingsmøtet 23.10.2023 og meklingsmøtet 16.05.2024.

Framlegg til justert plankart og føresegner har vore sendt på ei avgrensa høyring til dei instansane som har fremja motsegn mot det opphavlege planframlegget med brev dagsett 29.07.2024.

Dette for å få stadfest at dei endringane det har vorte semje om gjennom dialog, drøftingsmøtet 23.10.2023 og til sist meklingsmøtet hjå Statsforvaltaren 16.05.2024, er lagt inn i plankartet og føresegnene på ein tilfredsstillande måte.

Statsforvaltaren har med brev dagsett 20.08.2024 stadfest at med dei føreslegne endringane, er alle motsegnene frå Statsforvaltaren løyst. Statsforvaltaren har nokre merknader til detaljane i forslaga til løysing, samt nokre merknader til andre endringar som er gjort i føresegnene.

Desse er det teke omsyn til ved at føresegnene er justert i samsvar med tilrådinga.

Rogaland fylkeskommune har med brev dagsett 23.08.2024 stadfest at med dei føreslegne endringane, er alle motsegnene frå fylkeskommunen løyste.

NVE har med brev dagsett 26.08.2024 stadfest at endringane som er gjort i kart og føresegner, inneber at deira motsegn fell bort. NVE har til liks med Statsforvaltaren nokre merknader til detaljane i forslaga til løysing, og desse er det teke omsyn til.

Til sist har Statens vegvesen trekt si motsegn slik det er referert ovanfor, og dermed er alle motsegnene løyst på ein tilfredsstillande måte.

Statens vegvesen ber om at Bokn kommune som informasjon legg inn planområdet for KDP E39 Bokn- Bømlafjorden som eit kartlag i kommunen si digitale kartløysing. Dette vil bli gjort, og planområdet lagt inn som temakart i Rapport nr 6 .

Dei einskilde motsegnene og løysningane det har vorte semje om, er referert og kommentert i eige notat som vedlegg til denne saka, dagsett 02.09.2024.

Det gjeld også dei merknadane og faglege råde som har kome frå dei ulike høyringsinstansane, samt merknadane frå private.

Det vert vist til dette notatet.

Vurdering

I arbeidet med planstrategien og planprogrammet, vart det lagt stor vekt på at planrevisjonen ikkje skulle gjerast meir omfattande enn det som er naudsynt for å leggje til rette for ei sunn og berekraftig utvikling av kommunen.

Ut frå dette vart det føreteke ei streng prioritering i høve til kva tema som skal reviderast i den

gjeldande planen, der tiltak for å sikre utviding av folketalet var ei overordna målsetjing.

Trass i den strenge avgrensinga av tema for revisjon som vart gjort i oppstarten, viste planprosessen seg å verta meir arbeids- og tidkrevjande enn det som opphavleg var tenkt.

Dette har fleire grunnar, mellom anna at motsegner frå regionale styresmakter har vore utfordrande å løyse innfor ein rimeleg tidsfrist.

Særleg gjeld dette motsegna frå Statens vegvesen med krav om innlegging av omsynssoner for bandlegging av areal for framtidig E39.

Denne motsegna lot seg ikkje løyse i meklingsmøtet hjå Statsforvaltaren i Rogaland, men er nå endeleg løyst ved at Statens vegvesen har trekt motsegna slik det er gjort greie for ovanfor.

Målsetjinga om at planrevisjonen skulle vera avslutta innfor den valperioden der arbeidet vart sett i gong, vert ikkje oppnådd. Ulempa med dette, vert likevel i eit visst mon redusert ved at kommunevalet hausten 2023 ikkje førte til stor personutskifting i kommuneplanutvalet, slik at dei fleste av medlemene der har eit eigarskap til heile planprosessen.

Den etter måten lange planprosessen frå oppstart til endeleg godkjent plan, fører likevel til at både kunnskapsgrunnlag og føresetnader har endra seg i denne perioden.

Dette gjeld til dømes strengare krav til bevaring av myr, noko som fekk stor innverknad i høve til utviding og avgrensing av næringsarealet for Grieg Seafood sitt anlegg i Trosnavåg..

I løpet av ein slik lang planprosess, skjer det også ei endring i høve til behov knytt til t.d. næringsareal, som ikkje vert fanga opp av den planen som er under arbeid.

Det er sagt at kommuneplanlegging er ein kontinuerleg prosess, der sjølve planen representerer eit augneblinksbilete av prosessen.

I praksis er det nok slik, at den ressurskrevjande planprosessen fører til at avstanden i tid mellom desse augneblinksbileta, vert altfor lang til at den konkrete planen har fanga opp endringa i kunnskapsgrunnlag og planføresetnader elles.

Det er difor grunn til å stille spørsmål med om det er planen som styrer utviklinga, eller utviklinga som styrer planen.

Det siste er truleg det som er den faktiske situasjonen i dag, noko som kanskje også er det rette med tanke på den raske utviklinga som skjer i samfunnet, og behovet både kommunar og næringslivet har for å tilpasse seg denne utviklinga.

Den opninga som plan- og bygningslova gir med omsyn til å dispensere frå ein vedteken kommuneplan, må difor kunne nyttast som ein ventil for å avgrense dei uheldige verknadane av ein statisk plan, som kanskje på fleire område vil vere forelda på det tidspunktet den er vedteken.

Erfaringa er diverre at regionale mynde kan vera altfor restriktive med å akseptere at denne ventilen vert nytta på ein konstruktiv måte.

Sjølv om ein statisk kommuneplan i ei viss grad kan føre til ei hindring av utviklinga, som ikkje var tilsikta, er det nok likevel slik at det er gjennom drøftinga og diskusjonen i planprosessen at kommunen kan legge grunnlag for kommunen si framtid.

Det er viktig at arbeidet med kommunen sine eigne planar vert styrt av kommunen sjølv, og at kommunen er streng i høve til å vurdere behovet av kva planar som skal lagast, og omfanget av desse.

Det bør ikkje lagast fleire planar enn det ut frå ei lokal vurdering er behov for, og mellom anna ut

frå kapasitetsomsyn, bør dei planane som skal lagast, ikkje gjerast meir omfattande en naudsynt.

Dette må vurderast ved revisjon av planstrategien for valperioden

Kommunedirektøren sin konklusjon

Etter kommunedirektøren si vurdering, legg planen til ny arealdel av kommuneplanen eit godt grunnlag for vidareutvikling av Bokn kommune i samsvar med dei utfordringane og satsingsområda som vert peika på i den tidlegare vedtekne samfunnsdelen av kommuneplanen.

Planen legg til rette for vidare utvikling av kommunen og auke av folketalet, innafor nasjonale, regionale og lokale rammer knytt til mellom anna klimaomsyn.

Det vert difor rådd til at framlegget til ny arealdel av kommuneplanen vert eigengodkjent slik det går fram av forslaget til vedtak.

Vedlegg:

Kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 -dei einssilde motsegner- og merknader frå høyringsinstansane

Plankart

Rapport nr 1 Planomtale

Rapport nr. 2 Planføresegner

Rapport nr. 3 Konsekvensutgreiing arealinnspel Bokn 07.08.2023

Rapport nr. 4. Overordna KU og ROS-analyse KPA Bokn 21.06.2024

Rapport nr. 5. Arealoversikt i KPA Bokn. 21.06.2024

Rapport nr. 6. Temakart KPA Bokn 21.06.2024

Brev frå Statsforvaltaren i Rogaland

Brev frå Rogaland fylkeskommune

Brev frå NVE

Brev frå Statens vegvesen